

Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje

KYRKJEBLAD

for

NORD-FRON

Nr. 3 • HAUSTEN 2018 • Årgang 63

*“Dypt heller året i sin gang,
nå ødes eng og lund;
farvel med all din lyst og sang,
du korte sommerstund.”*

*La gulne hvert et blad på kvist,
la falme alle strå,
Guds kjærlighet jeg vet for visst
omskiftes ikke så.*

*Jeg vet hvor gleden har sitt hjem,
når øde mark står hvit:
Guds frydekor fra Betlehem
forstummer ingen tid.*

*Jeg vet hvor håpet grønnes da
når all ting falmer her:
Min Frelzers tre på Golgata
en evig krone bær.*

*La synke kun med løvets fall
hver markens blomst i rad,
min tro på ham bevare skal
sitt friske hjerteblad.*

*Han lover meg en evig vår
tross vinterstorm og død;
for livet frem av graven går
som Kristus gjennombrot.*

T: Caspar Johannes Boye 1833. Norsk salmebok 842



TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Kyrkjevevjerje: Ragnar Løsnesløyken
Tlf 612 16 292
Sekretær: Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:

Kl 09.00-12.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:

Jens Petter Ous
Tlf. kontor 612 16 293
Mobil 975 74 993

Terje Elvestad
Tlf kontor 612 16 294
Mobil 456 11 772

DIAKON:

Ingunn Liseter
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 976 82 694

TRUSOPPLÆRAR:

Hildegunn Maria Haanes Ruset
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 959 35 300

KANTOR:

Cindy van der Leden
Tlf 954 61 356

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:
Astri Sjøberg
Tlf 906 69 047
Kyrkjetenar/gravar:
Anders Stø
Tlf 612 90 974/909 60 650
Kyrkjetenar:
Frank Varpestuen
Tlf 456 06 026
Kyrkjetenar Ivar Kvande
Tlf. 951 58 927

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:
Eli Anita Lillereiten
Tlf 996 22 966
Kyrkjetenar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING

Kirkens Familierådgiving
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døyppte

SØDORP:

Håkon Haugrud Lillegård
Magnus Nymoen
Oda Byrløyken Kolseth
Mikkell Kvaalen-Maurstad
Andrine Johnsen Skreden
Eline Mørk Slaastuen
Sander Revdal Berge

KVAM:


Oda Torvund Ruud
Oliver Hagen Johnsgård

SKÅBU:

Sonja Kleiven
(Døyppt i Bakkestugu)

KVIKNE:

Johanne Rytviken



Døde

SØDORP:

Maj Britt Solli
Knut Bakken (Bisettelse)
Reidun Dagny Hagen
Bjarne Myrabø
Rebecca Kleiven
Sigrid Lunde
Odd Ivar Mjøen
Rolf Mellemsdøyken
Jens Bårberget
Arild Blakar
Gunnar Andreas Jahren (Bisettelse)
Ruth Jensine Myrum
Ingvald Dahl
Olav Handal

KVAM:

Inger Johanne Berget (Bisettelse)
Berit Tunheim Pedersen
Kolbjørn Holen
Jenny Stakston
Anne Lise Lindalen

KVIKNE:

Magnus Svendstad



Vigde

SØDORP:

Janne Sagranden og
Jermund Saglien
Linda Byrbotten og
Terje Martin Bortne

KVAM:

Maren Elise Ruud og Olav
Ingvaldsen Bengtson
(Viet på Rondablikk)

Gunnhild Røssum og
Anders Busterud

SKÅBU:

Ingebjørg Anita Bakken og
Sjur Sande

KVIKNE:

Gjertrud Ekre og
Ole-Jørgen Edna

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.kirken.no/nord-fron

NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i desember 2018.
Frist for stoff: 20. november.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Kyrkjebladet har enno ikkje fått ny redaktør,
så dette nummeret er sett saman av Jens Petter Ous.
E-post: Jens.Petter.Ous@nord-fron.kommune.no
Redaksjons-komité: Randi Brendløyken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Egil Myhre (Kvam), Aase Toxe Tveit (Sødorp).

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59776

«Bridge over trouble water»



Bildet over illustrerer vel ikkje akkurat ei bru over opprørt hav! Det er vel heller tale om trygge steinar å gå på over blikkstilt vatn. Uansett – vi treng noko å setje føtene på om vi skal krysse ei elv eller eit vatn! Noko som gjev oss trygghet for at vi kjem over. Brua må vera solid. Og brua må rekkje heilt over til andre sida. Og ho må vere laga slik at det er mogleg å gå på henne. Ein og annan av oss har sikkert erfaring med sleipe steinar som gjorde at vi falt uti, på veg over elva eller bekken. Det som såg så greitt ut, var ikkje slik det såg ut!

Alt over handlar om bilde vi brukar for å illustrera meir innfløkte tankar.

Når eg nyttar dette bildet, så er det for å ta fatt i ein tanke vi finn i fleire av dei gamle slavesangane – negro spirituales – til dømes «Jordan river is deep and wide, Hallelujah. Meet me mother on the other side, Hallelujah.» Å krysse elva vart eit bilde på å koma heim til Gud og dei som har gått vegen dit før. Det opprørte havet, eller den farefulle elva, vart bilde på at det kunne vere krevjande å kome heim (til Gud).

Kvifor desse tankane no? Jo, i sommar har det vore ein samtale i den kristne dagsavisa «Vårt Land» om nåden. Spørsmålet var: Må vi gjera noko for å bli frelst? Held det ikkje berre med nåden; den gode gåva frå Gud? Det var ordet nåde som var i fokus. Ein professor i Det nye testamentet hevda at Guds nåde – gåva – kravde noko attende frå oss. Det var forventningar frå givaren (Gud) til oss som tok imot gåva. Gåva kravde eit svar frå oss i

form av etterfølging, av det å vandre på trua sin veg. Så er ikkje nåden gratis! Det var konklusjonen.

For meg som lever av Guds nåde og godheit og tilgjeving kvar einaste dag, var dette nye tankar. Framande tankar. Og det var mange fleire som tenke som eg. Også mellom dei lærde på dei teologiske fakulteta i Noreg. Sjølv lærte eg meg eit bibelord i konfirmanttida, som eg ofte helsar mine eigne konfirmantar med: «⁸ For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. ⁹ Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv.» (Ef 2,8-9) For meg er dette tydelege og klare ord. Frelsa er Guds gåve til oss. Det er ikkje vårt eige verk. Det står slik – rett fram – i orda vi las. Frelsa er ikkje vårt eige verk – det er Guds gåve!

Når det er sagt – når Gud har gitt oss alt vi treng for vår frelse – så må vi heller ikkje gløyme Guds utfordring til oss, sagt med Jesu ord: «Følg meg!» Men då handlar det ikkje om å gjere noko for å fortene frelsa, men motsett: Fordi Gud har gjeve oss frelsa – den største gåva vi kan få – så blir det viktig for meg (oss) å følge Jesus på livsferda og la Han prege dei vala eg (vi) gjer i livet.

Så kan det nok vera at livsferda vår titt og ofte går over vanskelege passasjar; nåden blir ikkje mindre av det. Og han som gjev oss nåden og frelsa, han har også lova å gå attmed oss kvar dag. Så stor er Guds kjærleik til oss. Så raus er Han!

Jens Petter Ous

RETNING: Ved en inkurie (Inkurie betyr forglemmelse eller uoppmerksomhet, ifølge leksikon) vart det i Kyrkjeblad for Nord-Fron 1/2018 sagt at kyrkjetenar i Kvam; Svein Fredrik Kjæstad, var barnebarn til «gamlekyrkjetenaren» Fredrik Bergum. Dette er ikkje riktig! Redaksjonen av kyrkjebladet er lei seg for denne feilen og beklager så mykje!

PRESTESITUASJON I NORD-FRON: Fra 12.11 fungerer Jens Petter Ous som prost i Nord-Gudbrandsdal, fram til ny prost kjem på plass. Kjartan Ruset fungere i hans stad til 1.1.2019 i 50% stilling.

Ingar Sletten Kolloen sitt kåseri om si grandtante Petra Sletten, 12.august 2018:

Kjære biskop, slektninger til Petra Sletten og øvrige gjester

12. august 1938 vart gravkapellet i Kvam innvia. Da var Petra Sletten 58 år. Ho hadde da i løpet av de siste 20 åra utført et ganske enestående livsverk: Ho hadde nemlig gjort betydelig suksess i forretningslivet i København. Mange nordmenn og dansker mente vel at med gavekapellet satte ho Petra Sletten sjøve krona på livsverket sitt.

Men så kom krigen. Og i løpet av de fem okkupasjonsåra utførte Petra Sletten jammen et livsverk til, som har gitt ho en gylden plass i både norsk og dansk krigshistorie.

Eg skal fortelja litt om båe desse livsverka til grandtante Petra, som altså var søster til morfaren min, kjøpmann Christian Sletten.

Petra Sletten var født 30. oktober i 1879. Her i Kvam. I en søskenflokk på ni. Ho betegna seg sjøl som hardfør, allerede fra barndommen av. I et intervju da ho var 83 år gammel, delte ho et barndomsminne:

«Jeg var bare seks-syv år den gang. Det var 30 grader kulde. Vi bodde i vinterhuset og på døren var det utvendig en dørhammer av metall. Den var så kald, så kald. Jeg ville prøve med tungen hvor kald den var. Og vips, så satt jeg fast!» Jentungen tilkalte tydeligvis ikke hjelp. Ho

reiv seg laus. Tungeskinnet fikk visstnok et gropmerke for resten av livet.

Ho snakka med ømhet om barndommen. «Dukkene våre sydde vi selv, og som vi kunne leke! Vi holdt barne-dåp i låven med dukkene,» fortalte ho.

Petra var åpenbart sterkt inspirert av faren. Ole Christophersen var husmannsgutt. Sletten-navnet stammer fra denne husmannsplassen under Kjørums. Han sleit seg oppover i klassesamfunnet, først gjennom fehandel, så med O.C. Sletten landhandleri, og han eide en del år både Fautgarden og Krok. Der var Petra og familien hele sommeren. Mor hennes var fra Leine gård.

Petra må tidlig ha vore opptatt av kjøp og salg. «Vi lekte landhandleri, solgte gryn og erter. Nabobarna fikk utlevert penger og småsten så de kunne handle hos oss. (...) Den som ikke passer på toøren, får aldri en krone, sa min far. Det lærte jeg.»

Ho dro 17 år gammel til Kristiania. Der gikk hun 2 år på det som må ha vært en ganske eksklusiv husmorskole. Drevet av Det Norske Selskap, med egen bygård ved siden av Stortinget, og med røtter tilbake til 1700-tallets norske miljø i København. De var bare 11 elever.



Hun arbeidet i borgerskapshjem i hovedstaden. «Jeg lærte at får man lønn, må man også yte ett stykke arbeid.»

30 år gammel dro hun over havet. «Man skulle jo se seg om,» som hun sa.

Hun var dyktig, og hun lot seg ikke pille på nesene. Samtidig må hun ha hatt betydelige forhandlings- og tilpasningsevner: «Jeg kom i huset til en dommer, hvor ingen pike før hadde overlevd den første uken. Men de ville ikke bli kvitt meg.»

Hun var i USA i 6 år. Så fikk ho et tilbud fra København. Nordmannen Johannes Andersen drev bladforlag og andre forretninger. Nå hadde han og fruene fått en ny forretningside. De ville absolutt ha Petra Sletten som kompanjong med hennes kunnskaper om mat og hushold, økonomiske forståelse og menneskelige kvaliteter. De skulle nemlig gå inn i en bransje med kolossal konkurranse. Lage og selge mat.

Hun tok straks båten til København. De spesialiserte seg på å lage fiskefarse og kjøttfarse og av den Danmarks beste fiskeboller, fiskepudding, gratenger, frikadeller, kjøttpudding, suppeboller osv. Petra var driveren. På 80-årsdagen hennes holdt direktøren i Norsk Fars en tale: Han sa at da denne høyfjellets datter dukket opp i København «vant hun straks alles hjerter, og senere maver.» Fabrikk og etter hvert 12 utsalg i Stor-København. Fremdeles hender det jeg treffer på dansker som snakker henført om delikatessene de handlet på Norsk Fars-utsalgene.

Petra Sletten må omtrent ha grått blod, da hun fikk vite hvor ubarmhjertig hardt ramma hjembygda hennes ble under krigshandlingene i april 1940. Hun må ha sett på det nærmest som et guddommelig vink at kapellet «hennes» ble spart. Det ble raskt ille i Norge, med fengslinger, tortur og alvorlig matmangel. Særlig gravide, barn og fanger led av underernæring og mangel på medisiner.

Som det varmhjertede, analytiske og samtidig superpraktiske mennesket hun var, spurte hun seg: Hva kan jeg gjøre for å hjelpe? Sammen med to danskgitte venninner begynte hun å sende pakker med klær og mat. Så dannet de Den Norske Damekomite. Det gjaldt å skjule virksomheten for tyskerne, da den raskt vokste. Den ble etter hvert til Danskehjelpen. De begynte med noen fem kilos pakker, ost, mjøl, pølse, noe søtt. De endte opp med skipslaster. Den siste krigsvinteren sendte de 70 tusen enkeltpakker i måneden. Pluss enorme mengder mjøl, medisiner og annet på tog og skip. Et stort illegalt apparat sørget for at hjelpen kom hele Norge til gode.

Hun presset rike venner, sjarmerte mektige menn, og var til og med og pakket. Men hovedjobben hennes var å holde orden på pengestrømmen og bilagene, som kasserer. Revisorer kontrollerte regnskapet etter krigen. Hun og de andre sendte hjelp som tilsvarer nesten en milliard kroner i dag. Revisor slo fast at alle tall og bilag stemte helt ned på øret.

I november 1945 var hun på Slottet i Oslo. Kronprins Oslo slo henne til ridder av St. Olavs orden.

Samtidig med dette kolossale hjelpearbeidet, holdt hun Norsk Fars i gang, som var enda mer krevende enn noen gang, under krigen. «Jeg tok de fleste av døgnet timer i bruk», fortalte hun meg. Jeg spurte hvordan hun

orket? Hun var da over nitti år og satte stålblikk i meg: «Må man, så må man, glem aldri den leveregel, unge mann!» Og så myknet trekkene hennes, hun vendte blikket oppover, som om hun takket, og la til: «Jeg har vært velsignet med en jernhelse.»

Jeg husker hjørneleiligheten hennes i Gamle Kongevej. 5 store rom i 5 etasje uten heis. Hun nektet å flytte. «Hvert eneste trappetrinn gjør meg godt,» sa hun. De minnet henne om turene opp i Leinebakkene. Hun var i Norge nesten hver sommer. På hytta hun bygde i Kvamvika ved Furusjøen. Men jeg hørte henne aldri prate kvamvær.

Mor mi blei henta til København i 1930-årene for å bli opplært til å bli førstedame. Hun reiste hjem til Kvam og angra aldri. Det gjorde neppe heller tante Petra. For hun fikk en annen niese, Oddveig Blekastad, som var villig til å bruke hele livet sitt på Norsk Fars.

Jeg prøvde å fritte ut tante Petra: Hvorfor gifta ho seg aldri? Var ho noen gang på nippet til å gifte seg? «Jeg er like ren som da jeg kom ut av min mors liv,» sa hun. Tydelig stolt. Den flotte, rike dama mangla ikke muligheter. Jeg tror hun følte at hun ikke hadde tid til å stifte familie. Hun kjente at skjebnen hadde gitt ho andre oppgaver å utføre.

Med gravkapellet sørga tante Petra for at alle kvamværer vart like i døden. Tidligere hadde bøndene og andre med status hatt kista stående i kirka, mens småkårsfolk måtte ha liket i uthus og kjellere helt til døm skulle i jorda. Med danskehjelpa var Petra med på å redde mange liv over hele sitt kjære fedreland og enda fleres helse. Det er all grunn til å tegne en stor lysbue over hennes minne.



Kvam kapell 80 år

Kvam kapell vart 80 år i sommar. For nøyaktig 80 år sidan; 12.august 1938, kl 19.00 vart kapellet vigsla. Og på same dato og same klokkeslett 2018, feira vi jubileum. Flott vart det på alle vis; biskop Solveig Fiske kom og var saman med oss denne kvelden, først på gudsteneste i kapellet og sidan på samlinga på Kirketeigen.

På denne sida får de eit lite utval av bilder frå kvelden. Kåseriet om Petra Sletten står på sidene foran. Mange av dei som Petra var «grandtante» til, var med oss. På Kirketeigen var det god mat; Kål. Og det var god tid til prat. Og tid til å takke mange av våre gode hjelparar!

Nokre av våre «husflidsfolk» hadde laga ny altarduk, og Anita og Mona (vi nemner dei spesielt, fordi dei over lang tid har hatt eit stort engasjement for kapellet) og resten av soknerådet sørjga for at det var reint og pent alle stader.



Desse har vore med og laga den nye altarduken. Frå venstre: Anne Davidhaugen, Terje Finsveen, Marit Tungen Jonsen. Anne Karin Hoksvol og Berit Milsteinhaugen var også med på dette arbeidet.



Nokre av Slettenslekta: Frå venstre: Karen Sletten Henriksen, Merethe Sletten, Per Sletten, Ingar Sletten Kolloen, Tor Kolloen, Knut Sætre, Tor Sætre.



Kapellet innvendig – merk: Altarring og antependium er heilt ny i fiolett føyel.



Biskop og sokneprest – glade og nøgde etter ei fin gudsteneste i kapellet

Kven skal styra kyrkja vår?

Det er kyrkjeval (8.) og 9. september 2019. Kanskje skal du stilla til val? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på www.kyrkjevalet.no når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 òg lasta ned stemmesetlar.

Meir enn du trur

I Den norske kyrkja er det rom for mange meiningar, men vi står saman om trua på Gud. I trusfellesskapen er det rom for meir enn du trur, og verksemda i kyrkja omfattar meir enn du trur.

Ser du nærare på arbeidet med gudstenester, omsut for utsette menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk, vern om skaparverket og mykje meir, vil du oppdage eit mangfold av menneske og tenester. Korleis vil du at kyrkja skal vera? Du har høve til å påverka ved kyrkjevalet.

Ta ansvar for kyrkja di

Kyrkja byggjer fellesskap der du bur. Vi har ansvar for kvarandre. Det står sentralt i kyrkja sitt arbeid. I kyrkja skal det vera rom for alle. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar.

Ulike meiningar.

Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by. Mange tendensar bryt ned fellesskapet mellom oss. Vi treng å engasjera oss for å motarbeida isolasjon og splitting. Vi må åtvara mot alle teikn som tyder på forakt for veikskap. Vi vil støtte det som fremjar respekt for både skaparverket og for kvart enkelt menneske. Kyrkja di gjev mange høve for ditt engasjementet. I møta med folk i nabolaget ditt kan haldningane dine og handlingane dine utgjera ein stor skilnad.

Kyrkjevalet 2019

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Røysterett

Alle medlemmar av Den norske kyrkja har røysterett i kyrkjevalet frå det året dei fyller 15. Du kan røysta på dei personane du ynskjer inn i bispedømmerådet og soknerådet der du bur.

Kyrkjevalet finn stad (8.) og 9. september 2019, med førehandsrøysting frå 10. august. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemmar av kyrkja få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan gje si røyst.

Kandidatlistar

Soknerådet skal setja ned ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlistar. Alle kandidatlistar er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Til dei regionale bispedømmerådsvala vil det finnast listar frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant), og frå andre nomineringsgrupper.

To val

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatar til soknerådet og til bispedømmerådet/Kyrkjemøtet.

Direkte val på alle dei sju leke medlemmane av bispedømmerådet finn stad samstundes som soknerådvalet. Medlemmane av bispedømmerådet er òg medlemmar av Kyrkjemøtet, det høgaste organet i Den norske kyrkje. Bispedømmerådet tilset prestar og enkelte andre tilsette i kyrkja.

Kjelde: www.kyrkjevalet.no

KONFIRMANTLEIR 2018



Også i år drog vi frå Nord-Fron til Vereide og Nordfjord Folkehøgskule på konfirmantleir. Etter kvart har dette blitt eit veldig bra opplegg i konfirmanttida, der vi saman med Sel, Dovre og Lesja får eit mykje betre konfirmantopplegg enn vi klarer å lage kvar for oss. I dette leirarbeidet er vi heilt avhengig av å ha med oss ungdomsleiarar, så vi tek med eit bilde (over) av dei også, saman med mest heile gruppa frå Nord-Fron (under).



GUDSTENESTE PÅ SUNDHEIM

Sundag 28.oktober kl. 10.30 er Fellesrommet på Sundheim ferdig innreda til gudsteneste. Nye stolar og nytt el-piano er verdt å markera. Sundheims venner har gjeve el-pianoet og no kan vi innvia Fellesrommet, sjølv om vi har bruka rommet ei stund. Etterpå er det kyrkjekaffi i kantina med god prat og god kake.

Velkomen til gudsteneste!



Ola Løkken ved ny-pianoet på Sundheim.

HEIMLAUS GA IDEEN TIL DEI ORANGE SKJERFENE

Ein heimlaus som fraus om natta har ei heilt sentral rolle i opphavet til Kirkens Bymisjons oransje skjerf. Hobbyklubben hang i 2010 ut ullplagg for å visa fram norske handverks-tradisjonar. Dei oppdaga at eit ullplagg utanfor kontorbygget blei tatt ned og brukt i løpet av natta og hengt opp igjen grytidleg om morgonen. Det viste seg å vere ein heimlaus som bruka det til å varma seg gjennom natta.



Det oransje skjerfet har dei siste åra utvikla seg til eit symbol på ynsket om eit varmt og inkluderande samfunn. – Dette er ikke noe vi gjør for andre, dette gjør vi for hverandre, sier generalsekretær i Kirkens Bymisjon, Adelheid Firing Hvambdal.

An advertisement banner for TV-aksjonen NRK 2018. It features a black and white close-up of a man's face. On the left, the text 'MINDRE ALENE SAMMEN' is written in white. In the center, there is a handwritten-style quote: 'Jeg kan ikke huske sist noen sa navnet mitt.' Below the quote is the website 'blimed.no'. On the right, there is an orange box with the date '21. OKTOBER 2018', the logo for 'Kirkens Bymisjon', and the text 'TV-AKSJONEN NRK'.


Om TV-aksjonen 2018

TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjons arbeid for å skape et varmere og mer inkluderende samfunn. I år går TV-aksjonen av stabelen søndag 21.oktober.

Norge er et samfunn der forskjellene øker. Forskjeller som ikke først og fremst handler om etnisitet eller religion, hvor du kommer fra eller hvem du er. Men om du er innenfor eller utenfor.

Det er mange måter å være utenfor på. Fra å mangle en seng å sove i, til å være utenfor arbeidsliv eller sosiale fellesskap. Dette rammer ikke bare enkeltpersoner, men gir ringvirkninger for hele befolkningen.

Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møter som endrer liv. Ved å åpne dører og legge til rette for at flere møtes, skal vi vise hvorfor årets TV-aksjon er viktigere enn aldri før. Vi skal tilby mennesker som opplever å stå utenfor, et nytt fellesskap, en seng eller en samtale og slik bidra til at flere får muligheten til å oppnå egne mål og drømmer.



BABYSONG

Babysong er eit tilbod for babyar frå 0-1 år og deira foreldre. Hausten 2018 startar vi med babysong torsdag 11.oktober og så møtast vi kvar torsdag ut november.

Vi møtast i Kyrkjestugu ved Sødorp kyrkje kl. 11.30. Vi syng og leiker med barna og deler eit enkelt måltid

Alle er velkomne uansett livssyn, kjønn, sangstemme eller rytmesans. Vi treffast for å ha det koseleg i lag med babyane og kvarandre!

Bli ven med «Kirka i Nord-Fron» på Facebook og sjå meir informasjon der!

Har du spørsmål angående babysong eller anna arbeid knytt til barn og unge i kyrkja? Kontakt gjerne kyrkjelydspedagog Hildegunn. hildegunn.maria.h.ruset@nord-fron.kommune.com - Tlf. 959 353 00.



Fra hausttakkefesten med 4- og 5-åringane i Skåbu.



KODE B

Dette er trusopplæring for 11-12.åringar / dei som går i 7.klasse. Samlingane blir i kyrkjestugu ved Sødorp kyrkje 6. og 13.november kl 14.30. I desse samlingane er bibelen i fokus, med mange aktivitetar attåt (Baking/kodeløysing mm). På siste samlinga vert foreldra invitert.

KRIK

Kristen Idrettskontakt – har vorte starta i Nord-Fron. To lærarar på VVS er leiingar. Gruppa driv med varierte aktivitetar, der alle kan vere med.

Tidspunktet dei møtast finn du på Facebook – Krik midtgudbrandsdal eller på Facebooksida til kyrkja i Nord-Fron (kyrkja nord-fron).



Trusopplæring for 4- og 5-åringar i Sødorp



5-åringane i Sødorp i Kvennhuset ved Sula.



4-åringane i kapellet etter skattejakt rundt ikring – for å bli kjent med kyrkjerommet.

Ranglarkampen kamferkor

frå Heidal har konsert i Skåbu kyrkje onsdag 12. desember kl. 18.30.

Konsert i Kvikne kyrkje søndag 18. november kl. 19.00

Marie Skavnes, Svingvoll og Lars Berg, Musdal vil framføre tradisjonsmusikk på fele og trekkspel. Dei har spelt saman sidan 2005 og representerte Noreg på ein folkemusikkfestival i USA i 2013. Inngang kr 250.

Alle er hjerteleg velkomne til ein flott kveld i Kvikne kyrkje.



Fargelegg!

Teikning: Trevor Keen



Finn namn på åtte planetar!

Namna på dei åtte planetane i solsystemet vårt er gøymde i rutenettet under. Dei står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

R	O	T	T	A	K	J
L	A	V	U	R	J	O
I	M	E	R	K	U	R
M	A	N	A	N	P	D
B	R	U	N	E	I	E
O	S	S	U	P	T	N
M	O	M	S	T	E	K
B	S	A	T	U	R	N
A	B	B	A	N	U	R

Finn 5 feil

Teikning: Trevor Keen

David var ein gjetargut som blei konge i Israel. Han laga mange songar om Gud. Dei står i Bibelen. Dei to bileta er nesten like. Finn du de fem feila på biletet under?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit spel.
– Å nei, eg har blitt eit
speilegg!

Vitsar

- Bestemor tykte
vesle Jenny hadde så vakkert smil:
– Tennene dine er som eit perlekjede:
Kvite perler tett i tett.
Vesle Jenny ville seie noko fint tilbake.
– Tennene dine er som stjerner, bestemor:
Gule og langt frå kvarandre.

Bymesse på Byfesten 2018

Opninga av Byfesten starta med Bymesse i Vinstrahallen. Det var fengande musikk og salmar med andakt og appell om nestekjærleik og årets TV-aksjon til Kirkens Bymisjon. På gjensyn neste år!



Dei orange skjerfa som songarane nyttar, kjem til å bli brukt under TV-innsamlinga i år.

Sommaren 2018

Det har – som vanleg sommarstid – vore mange gudstener uomhus. På sætrer og plassar der folk samlast. Her vil vi bere fram ei takk til alle som opna hus og eigedom for oss i Bakkestugu, på Lomsætra, på Ruststugusætra, på Breistulen og ved Rondablikk.

Takk også til Countryfestivalen som gjorde plass til ei gudsteneste og like eins Byjubileumskomiteen som gav

oss høve til å ha ei messe i samband med byjubileet. Takk også til alle som var med å ordne til praktisk! Utan gode hjelparar klarer vi ikkje som kyrkje å vere til stades på så mange stader som no, utan dykk friviljuge!

TAKK! Takk også til dykk som kom inn som gode hjelparar på musikkida på messene våre denne sommaren!



Også denne sommaren var det dåp i Bakkestugu!



Frå Countryfestivalen, der kyrkja var representert med eiga campingvogn for kaffeservering og samtalar.



KYRKJA I NORD-FRON
er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron



SpareBank
GUDBRANDSDAL
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70



Lymoens Gartneri

Gammelgata 26, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 15 46 - 901 41 354

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s

2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-



Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

TOYOTA

DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

Hageland
Bjørke



Tlf 915 750 74

Vi hjelper deg med blomster til
begavelse og andre anledninger.

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER

Lomoen - Vinstra
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

Bakken
Begravelsesbyrå Tlf. 47 68 22 27



Gudbrandsdal
Energi

Tlf. 61 29 47 00 - www.ge.no



Tlf. 61 29 49 40 - www.rondablikk.no
Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:
• Barsedåp • konfirmasjon
• bryllup.

Og om det er noen som runder år,
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske
Rondane.

Lore Søndénfor
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

SENTRUMS
HJØRNET

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

Vinstra Begravelsesbyrå

Liv Veikleengen

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter
Etablert 1979

RUSTUGUSETRA

Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice

Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173
2642 Kvam

TEIGEN – TANGEN
byggfirma

Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.
Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam.

Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com



ruste regnskap

Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529
E-post: post@rusteregnskap.no

REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

CIRCLE K

Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI mini pris

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

HVEM KAN SLÅ

Anne Kari Haugalien?

MIDTDALENS HUMORDRONNING
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

Furusjøen rundt FOR ALLE!

RENN RITT LØP

Aktive og mosjonister
Flere distanser
Ulike utfordringer

 **Sterk & Smidig**
trening for alle
Tlf. 922 50 868

 **Toksekleiva**
HUNDEPENSJONAT - VINSTRA
Tlf. 971 88 621

Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

 **SLANGEN SETER** 
2643 SKÅBU

Tlf. 61 29 55 18 - Mobil: 99 59 55 18 - 90 95 88 38
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen

COOP marked


SKÅBU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

 MEDLEM
REGNSKAP
NORGE

 **KLYPPEKROKEN**
TOVE IREN ERIKSEN
Tlf. 97 73 72 14

STØTT VÅRE ANNONSØRER!

NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.

E-post: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Gudstenester i Nord-Fron oktober – desember 2018

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
21.s. i treeiningstida 14.oktober Luk 16,19–31	11 Kapellet Høgmesse. Nattverd Terje Elvestad			19 Kveldsmesse/Jegermesse Nattverd Terje Elvestad
22.s. i treeiningstida 21.oktober Joh 12,35–36		11 Høgmesse Nattverd Terje Elvestad		
Bots- og bønedingstida 28.oktober Luk 18,9–14	10.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous			
Helgmesse/Minnedag 4.november Joh 11,1–5.33–38	11 Kyrkja Minne- og forbøns- gudsteneste Prestar/ diakon/ Kantor	13 Minne- og forbøns- gudsteneste Prestar/ diakon/ Kantor	19 Minne- og forbøns- gudsteneste Prestar/ diakon/ Kantor	17 Minne- og forbøns- gudsteneste Prestar/ diakon/ Kantor
25.s. i treeiningstida 11.november Matt 14,22–34	17 Kyrkja Eftasmesse. Nattverd Terje Elvestad			
<i>11.00 Sel kyrkje Gudsteneste med avskjed for prost Paul G. Skuland</i>				
26. s. i treeiningstida 18.november Joh 9,1–7.35b–38		11 Høgmesse Nattverd Kjartan Ruset	19 Konsert Sjå kyrkjebladet side 11	
Domssøndag 25.november Matt 25,1–13			19 Kveldsmesse Nattverd Terje Elvestad	11 Høgmesse Nattverd Terje Elvestad
1.s. i advent 2.desember Matt 21,10–17	11 Kyrkja Familiegudst Lys Vaken-bornar er med (10 år) Terje Elvestad	17 Ljosmesse Konfirmantane og Kjartan Ruset		
2.s. i advent 9.desember Joh 16,21–24			19 Ljosmesse/ Konsert Konfirmantane og Kjartan Ruset	
Onsdag 12.desember				18.30 Konsert Sjå kyrkjebladet side 11
3.s. i advent 16.desember Joh 5,31–36	19 Ljosmesse Konfirmantane og Terje Elvestad			19 Ljosmesse Konfirmantane og Kjartan Ruset

Alle gudstenester vert annonsert i GD på fredagar. Sjå ellers nettsida: www.kirken.no/nord-fron

